

Kvartalsrapport
pr. 30.09.2017

KVARTALSRAPPORT PR. 30.09.2017

Revisjon

Luster Sparebank sitt rekneskap pr 30.09.2017 er ikkje revidert.

Resultat

Banken har pr. 30.09.2017 oppnådd ein rentenetto på 40,99 mill. kr. Rentenettoen utgjer i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (gfk) 1,66 %. På same tidspunkt i fjor var rentenettoen 40,8 mill. kr og i prosent av gfk 1,75 %. Rentenetto i kr har auka med i 0,2 mill. kr siste året. Årsaka til dette er volumauke på utlånsida. Rentenetto i prosent har gått ned med 0,09 %. Årsaka til dette er den harde konkuransen i utlånsmarknaden. Luster Sparebank har plassert likviditetsporteføljen i rentefond. Avkastning på rentefond blir i rekneskapet klassifisert som utbytte. Dette bør ein vere klar over ved samanlikning av rentenetto i Luster Sparebank med rentenetto i andre bankar.

Netto andre driftsinntekter pr. 30.09.2017 er på kr 14,7 mill. Dette er kr 1,9 mill. lågare enn på same tidspunkt i fjor. I 2016 fekk Luster Sparebank eit ekstraordinært utbytte frå Visa Norge på kr 2,25 mill. som forklarar nedgangen.

Sum driftskostnader har auka med kr 1,3 mill. i forhold til dei ni første månadane av 2016. Det er personalkostnader som har auka. Årsaka er lønstilllegg og den nye finansskatten som blir klassifisert som ein personalkostnad.

Driftsresultat før tap og skatt er på kr 28,3 mill. som er kr 3,1 mill. dårlegare enn på same tidspunkt i fjor.

Tap på utlån og garantiar er berekna til kr 3,3 mill. På same tidspunkt i fjor var tap berekna til kr 2,9 mill. Etter skatt blir resultat for perioden kr 18,8 mill. mot kr 21,4 mill. på same tidspunkt i fjor. Lågare utbytte, høgare personalkostnader og høgare tap enn i fjor forklarar resultatnedgangen.

Balansen

Banken sin forvaltningskapital pr. 30.09.2017 var på kr 3.358,6 mill. Veksten siste året er på kr 201,3 mill. (6,4 %). Forretningskapital som også inkluderer lån overført til Verd Boligkreditt AS, er pr. 30.09.2017 på kr 3.878,7 mill. Veksten i forretningskapital siste året er på kr 199,4 mill. eller 5,42 %.

Utlån til kundar på eigen balanse er bokført med kr 2.765,3 mill. Veksten siste året er på kr 147,2 mill. eller 5,6 %. Utanfor balansen har banken pr. 30.09.2017 overført kr 520,12 mill. til Verd Boligkreditt AS. På same tidspunkt i fjor hadde banken overført kr 521,9 mill. Samla utlån inkludert overførte lån til Verd Boligkreditt AS har dermed siste året auka med kr 145,4 mill. eller 4,6 %. Utlånsvolum på eigen balanse pr. 30.09.17 var fordelt med 24,2 % på næring og 75,8 % på personmarknad og offentleg sektor. På same tidspunkt i fjor var fordelinga 26,8 % på næring og 73,2 % på personmarknad og offentleg sektor.

Innskot frå kundar er bokført med kr 2.460,9 mill. Veksten siste året er på kr 120,6 mill. eller 5,15 %.

Banken har langsiktig lånt inn kr 110 mill. frå Kredittforeningen for Sparebanker. Banken har utestående obligasjonar for kr 319,9 mill. Låneavtalane har restløpetid på mellom 5 månader og 3,6 år. Banken si innskotsdekning er 90,0 %. I dette nøkkeltalet er lån overført til bustadkreditselskap halde utanfor.

Misleghald, tapsnedskrivningar og tap

Misleghaldne og tapsutsette utlån utgjer kr 37,9 mill. kr. pr. 30.09.2017. Dette er ein oppgang på kr 8,4 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Samla tapsnedskrivningar har auka med 0,1 mill. kr siste år.

Nedskrivning på grupper har gått ned og nedskrivning på enkeltengasjement har auka samanlikna med same tidspunkt i fjor.

Luster Sparebank har ein nøktern risikoprofil i si kredittgjeving og andre plasseringar. Banken har i denne perioden ikkje endra denne profilen

Kapitaldekning

Luster Sparebank nyttar standardmetoden for kredittrisiko og basismetoden for operasjonell risiko.

Pr 30.09.2017 er banken sin kapitaldekning berekna til å vere på 19,70 % som er 0,15 % lågare enn på same tidspunkt i fjor. Banken sin ansvarlege kapital er rein kjernekapital.

Perioderesultat så langt i år er ikkje teke med i utrekning av kapitaldekning då rekneskapet ikkje er revidert. Dersom banken sitt resultat pr. 30.09.2017 hadde vore inkludert i ansvarleg kapital, hadde kapitaldekninga vore på 20,68 %

Utsiktene for resten av året

Luster Sparebank sitt resultatrekneskap er godt. Likviditeten er god. Banken har god kapitaldekning. Utlånsveksten inkludert lån overført til Verd Boligkreditt AS er for dei første ni månadane av 2017 på 1,71 %. På PM har veksten vore tilfredstillande. På BM har utlåna gått ned. Totalt sett har utviklinga dei ni første månadane av 2017 vore tilfredstillande.

Gaupne, 20.10.2017

I styret for Luster Sparebank


Bjarne Venjum
styreleiar


Ove Nyland


Randi Kristin Bugge


Anette Stegegjerdet Norberg


Inge Teigen


Oddstein Haugen
banksjef

RESULTATREKNESKAP

(Tal i heile 1.000)

	30.09.17	30.09.16	3. kvartal 2017	3. kvartal 2016	31.12.16
Renteinntekter og liknande inntekter	66.433	64.084	21.974	21.202	86.201
Rentekostnader og liknande kostnader	25.435	23.302	8.570	7.084	30.690
Netto rente og provisjonsinntekter	40.998	40.782	13.404	14.118	55.511
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	5.901	7.705	872	2.706	7.744
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	8.611	8.809	3.178	3.169	12.721
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-998	-1.201	-396	-381	-1.636
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidler	217	379	-22	96	130
Andre driftsinntekter	947	934	318	325	1.235
Netto andre driftsinntekter	14.678	16.626	3.950	5.915	20.194
Personalkostnader	13.227	11.900	3.590	3.309	16.817
Administrasjonskostnader	9.121	9.160	2.929	2.882	12.378
Ordinære avskrivningar	1.949	1.950	650	650	2.302
Andre driftskostnader	3.098	3.041	829	850	3.661
Sum driftskostnader	27.395	26.051	7.998	7.691	35.158
Driftsresultat før tap og skatt	28.281	31.357	9.356	12.342	40.547
Tap på utlån, garantiar m.v.	3.273	2.851	736	2.061	2.229
Netto tap/vinst anleggsaksjar	0	0	0	0	0
Resultat av ordinær drift før skatt	25.008	28.506	8.620	10.281	38.318
Skatt på ordinær resultat	6.252	7.127	2.155	2.571	8.619
Resultat av ordinær etter skatt	18.756	21.379	6.465	7.710	29.699

BALANSE

(Tal i heile 1.000)

EIGENDELER	30.09.17	30.09.16	31.12.16
Kontantar og fordringar på Norges Bank	49.637	49.107	47.616
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	115.803	135.469	141.477
- Utlån til og fordringar på kundar	2.765.335	2.618.118	2.715.131
- nedskrivingar på individuelle utlån	-6.146	-6.237	-5.405
- Nedskrivingar på grupper av utlån	-17.900	-17.700	-17.600
Sum netto utlån til og fordringar på kundar	2.741.289	2.594.181	2.692.126
Sertifikater, obligasjonar og andre rentebærande verdipapir	20.182	12.787	12.800
Aksjar og andre verdipapir med variabel avkastning	391.041	326.554	310.778
Utsett skattefordel	4.943	4.760	4.943
Varige driftsmidlar	5.514	7.532	7.199
Andre eigendeler	350	432	18.837
Forskotsbetalte kostnader og opptente inntekter	29.769	26.504	6.170
SUM EIGENDELER	3.358.528	3.157.326	3.241.946
GJELD OG EIGENKAPITAL			
Gjeld til kredittinstitusjonar	110.000	175.000	175.000
Innskot frå og gjeld til kundar	2.460.937	2.340.341	2.380.398
Gjeld stifta ved å utstede verdipapir	319.913	199.566	249.594
Anna gjeld	11.281	16.443	14.808
Påløpte kostnader og mottekne ikkje opptjente inntekter	24.943	20.306	9.450
Avsetning for påløpte kostnader og forpliktingar	13.037	11.327	13.035
Sum gjeld	2.940.111	2.762.983	2.842.285
Sparebankens fond	382.761	357.863	382.761
Gåvefond	16.900	15.100	16.900
Udisponert overskot	18.756	21.380	0
Sum egenkapital	418.417	394.343	399.661
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	3.358.528	3.157.326	3.241.946
Garantiansvar	33.179	31.284	29.501
Pantsetjingar	15.000	15.000	50.331
Lån overført til Verd Boligkreditt AS	520.120	521.933	515.190
Gjennomsnitleg forvaltningskapital	3.300.237	3.119.536	3.157.456

RESULTATANALYSE

(i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital)

	30.09.17	30.09.16	31.12.16
Renteinntekter og liknande inntekter	2,69 %	2,74 %	2,73 %
Rentekostnader og liknande kostnader	1,03 %	1,00 %	0,97 %
Netto rente og provisjonsinntekter	1,66 %	1,75 %	1,76 %
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	0,24 %	0,33 %	0,25 %
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	0,35 %	0,38 %	0,40 %
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-0,04 %	-0,05 %	-0,05 %
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidler	0,01 %	0,02 %	0,00 %
Andre driftsinntekter	0,04 %	0,04 %	0,04 %
Netto andre driftsinntekter	0,60 %	0,71 %	0,64 %
Personalkostnader	0,54 %	0,51 %	0,53 %
Administrasjonskostnader	0,37 %	0,39 %	0,39 %
Ordinære avskrivningar	0,08 %	0,08 %	0,07 %
Andre driftskostnader	0,13 %	0,13 %	0,12 %
Sum driftskostnader	1,11 %	1,12 %	1,11 %
Driftsresultat før tap og skatt	1,15 %	1,34 %	1,28 %
Tap på utlån, garantiar m.v.	0,13 %	0,12 %	0,07 %
Netto tap/vinst anleggsaksjar	0,00 %	0,00 %	0,00 %
Resultat av ordinær drift før skatt	1,01 %	1,22 %	1,21 %
Skatt på ordinær resultat	0,25 %	0,31 %	0,27 %
Resultat av ordinær etter skatt	0,76 %	0,92 %	0,94 %

TAP, TAPSNEDSKRIVINGAR OG MISLEGHALD

(tal i heile 1.000)

	30.09.17	30.09.16	31.12.16
Tap på utlån og garantiar			
Endring individuelle nedskrivningar inkludert amortisering	1.175	-1.431	-1.931
Endring i nedskrivning på grupper av lån	300	3.900	3.800
Konstaterte tap i perioden med tidlegare nedskrivning	367	477	477
Konstaterte tap i perioden utan tidlegare nedskrivning	1.502	30	31
Inngang på tidligare konstaterte tap	-71	-125	-148
Tap på utlån og garantiar i perioden	3.273	2.851	2.229
Misleghaldne utlån			
Brutto misleghaldne utlån over 90 dagar	30.795	22.243	18.955
- individuelle tapsnedskrivningar	-5.144	-5.010	-4.249
Netto misleghaldne utlån	25.651	17.233	14.706
Tapsutsette utlån			
Brutto tapsutsette utlån	7.101	7.271	7.222
- individuelle tapsnedskrivningar	-1.002	-1.227	-1.156
Netto tapsutsette utlån	6.099	6.044	6.066

ANSVARLEG KAPITAL OG KAPITALKRAV

(tal i heile 1.000)

	30.09.17	30.09.16	31.12.16
Sparebankenes fond	382.761	357.863	382.761
Gåvefond	16.900	15.100	16.900
-Frådrag	-23.757	-16.435	-18.864
Sum ansvarleg kapital (rein kjernekapital)	375.904	356.528	380.797
Engasjementskategoriar (vekta beløp)			
Statar og sentralbankar	0	0	0
Lokale og regionale myndigheter (herunder kommuner)	17.340	5.548	17.610
Offentleg eigde foretak	1.873	0	9.082
Institusjoner	22.212	25.976	29.050
Foretak	99.608	106.594	103.637
Engasjement med pantesikkerhet i eigendom	1.403.601	1.321.010	1.350.124
Forfalte engasjementer	42.930	35.854	26.613
Obligasjoner med fortrinnsrett	8.887	281	5.022
Andeler i verdipapirfond	55.328	44.174	42.047
Eigenkapitalposisjoner	76.771	75.930	73.150
Øvrige engasjement	47.218	54.037	54.273
Berekningsgrunnlag kredittrisiko	1.775.768	1.669.404	1.710.608
Berekningsgrunnlag operasjonell risiko	132.834	126.904	132.834
Sum berekningsgrunnlag	1.908.602	1.796.308	1.843.442

Kapitaldekning

Rein kjernekapital i % av sum berekningsgrunnlag	19,70 %	19,85 %	20,66 %
---	----------------	----------------	----------------

Krav til kapital

Minimumskrav til ansvarleg kapital 8 % av sum berekningsgrunnlag	152.688	143.705	147.475
Ansvarleg kapital	375.904	356.528	380.797

Overskot av ansvarleg kapital

223.216	212.823	233.322
----------------	----------------	----------------

Herav rein kjernekapital som kan dekke bufferkrav

223.216	212.823	233.322
----------------	----------------	----------------

Bufferkrav

Bevaringsbuffer 2,5 %	47.715	44.908	46.086
Systemrisikobuffer 3 %	57.258	53.889	55.303
Motsyklisk buffer 1,5 %	28.629	26.945	27.652

Sum bufferkrav

133.602	125.742	129.041
----------------	----------------	----------------

Overskot rein kjernekapital

89.614	87.082	104.281
---------------	---------------	----------------

LIKVIDITET

30.09.17	30.09.16	31.12.16
-----------------	-----------------	-----------------

Liquidity Coverage Ratio (LCR)

117,0 %	109,0 %	128,0 %
---------	---------	---------
